



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8908 - 23/10171

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
06.02.2023

Oversender vedtak om å ta klage på nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova delvis til følge til endeleg klageavgjerd - gbnr 212/66 Eikanger øvre

Saksopplysningar

Eigedom: gbnr 212/66

Adresse: Eigedomen har ikkje eigen adresse. Bruksnamn Bjørgebu.

Tiltakshavar/eigar: Tor Lien, Kalfarveien 35 I, 5018 Bergen sidan 29.06.1989

Klagar: Tor Lien representert av BJP Advokat AS v/Bernt Jacob Pettersen

Saka gjeld:

Saka gjeld klage på vedtak i sak 20/8908 med saknr. 1246/22 av 14.11.2022 om ta klage på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova delvis til følge – gbnr 212/66. Tvangsmulka var retta mot ulovlege tiltaka i form av steinkai mot aust utvida til ca. 75kvm, anneks, båtgarasje og flytebrygge.

Vedtaket av 14.11.2022 har følgjande ordlyd:

«VEDTAK:

Klage på avslag på søknad om nedsetting av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova for ulovlege tiltak tas delvis til følge og vedtak i sak 20/8908, datert 17.12.2020, vert delvis gjort om:

Med heimel i plan- og bygningslova §32-5 andre ledd tredje punktum vert deler av fastsett tvangsmulkt etter plan- og bygningslova for ulovlege tiltak tilbakebetalt til klagar pålydande kr 65.250,-.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar og grunneigar av gbnr 212/66, Tor Lien, representert av BJP Advokat AS v/Bernt Jacob Pettersen på vedtak av 14.11.2022.

Klagerett og klagefrist

Då klagen vart tatt delvis til følgje i vedtaket av 14.11.2022, er det klagerett på dette nye vedtaket. Tiltakshavar og grunneigar, Tor Lien, er den ansvarlege for dei ulovlege tiltaka og den som tvangsmulkten er rettat mot. Han har klagerett som part i saka.

Vedtaket av 14.11.2022 er sendt ut den 17.11.2022. Klagen er rettidig (mottatt innan rett tid) den 24.11.2022 og sist rettidig supplert den 22.12.2022.

VURDERING

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Klagen av 24.11.2022, og sist supplert den 22.12.2022, skal handsamast av kommunen. I klagen vert det påberopt rettslege og faktiske feil i sakshandsaminga. Klagar ønskjer at kommunen skal oversende saka til Statsforvaltaren.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak av 14.11.2022.

Klagen tas ikkje til følgje og vedtak i sak 20/8908 med saknr. 1246/22 av 14.11.2022, vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Vedlagt oversendinga er dei skriv som er nytta i klagesaken – sak 20/8908. Samtlige saksdokument i saka finn ein [her](#)

Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjpadvokat As	Strandkaien 2A	5013	BERGEN
Bjpadvokat As	Strandkaien 2A	5013	BERGEN
Tor Lien	Kalfarveien 35 i	5018	BERGEN
Tor Lien	Kalfarveien 35 i	5018	BERGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------